

Tilknyttede organisasjoner;



Sunndal kommune

Molde, 15. jan. 2024

Dette brevet sendes på vegne av Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre Friluftsråd, fylkets tre turistforeninger, fylkets 4 speidargrupper og 4 H Møre og Romsdal.

Oppstartsmelding - detaljregulering for innfallsport til Innerdalen i Nerdalen

Vi viser til varsel om planstart for detaljregulering for innfallsport til Innerdalen i Nerdalen, med innspelsfrist 13.02.2024

Saka gjeld regulering av den offentlige eide parkeringsplassen og private parkeringsplasser og omlegging av turveg- og traktorvegtrase i Nerdalen. Dette då turisttrafikken har auka stort dei siste åra og trafikken gjennom tunet i Nerdalen er kome over tålegrensa.

FNF Møre og Romsdal har seinast i innspel til møtet i verneområdestyret i Trollheimen den 17 aug. 2023 sagt noko om innfallsporten til Innerdalen i Nerdalen. Vi har også tidlegare korrespondert med Sunndal kommune om sikring av areal til parkeringsplass i Nerdalen samt teke opp utfordringa med gratis-prinsippet i friluftslova. No når det blir arbeidd med ei reguleringsplan ønskjer vi å få utdjupa desse synspunkta.

Vi arbeider for at parkeringsplassane og turvegane blir lagt slik at det blir minst mogleg skade på natur samt at folk i mest mogleg grad får oppleve natur og kulturlandskapet. Slikt



Samarbeidsnettverk mellom natur- og friluftslivsorganisasjoner
moreogromsdal@fnf-nett.no | Idrettsvegen 2, 6413 Molde | tlf 46 43 14 27
organisasjonsnummer 916 451 954 | www.fnf-nett.no/moreogromsdal

sett er det eit tap for turfolket å ikkje få oppleve inntunet på gardane i Nerdalen, men vi forstår at dette ikkje let seg gjere med slike mengder folk.

Det er skissert ulike alternative løysingar for å føre vegen utom tunet ved ulike traseval og ved kombinert driftsveg-turveg kontra berre turveg. Når det gjeld type veg er vi tilhengar av at den nye vegen skal vere av ein slik karakter at den kan nyttast av både rettigheitshavarane som køyrer traktor i næringsøyemed (driftsveg) samt turistane som går inn til Innerdalen. Når det gjeld traseeval er vi tilhengar av å føre vegen lengst mogleg der den gjer minst skade. Dette medfører at vi går for brun trase som følgjer den allereide etablerte driftsvegen lengst mogleg. Dette under forutsetning av at det ikkje er noko naturfagleg grunn til å ikkje føre vegen over beitemarka nett her – dette reknar vi med blir utgreidd før valet av trase blir bestemt. Då oppnår ein minst mogleg inngrep inn i beitemarka og gjer det også mest gunstig økonomisk ved at første delen vegen alt er bygd. Vi legg ved ei skisse som viser at den brune trase blir korta inn til ein 250 meter brun trase mot den planlagte rosa trase på 600 meter. Slik vi les vilkåra for statsmidlar til turveg og sikring av areal er det her mogleg å finansiere denne turvegen både ved oppkjøp/leige av sjølve vegen ved å sikre den ved statspost (kap. 1420 post 78) og/eller nytte seg av spelemidlane til opparbeiding av dei 250 meterane nyveg.

Elles må vi påpeike at standarden på vegen er omtala som «*jeepvegen fra Nerdal til Innerdalshytta*» i verneforskrifta og motorisert ferdsel skal berre vere til «*nødvendig transport i forbindelse med bosettingen, seterbruken, driften av de to turisthyttene, politi- og ambulansetjeneste , oppsynet med landskapsvernområdet og vannkraftanlegget ved Langvatn*». Det betyr at persontransport og den store turisttrafikken i framtida også skal foregå pr fots og ikkje motorisert, frå Nerdalen til Innerdalen, slik at vegen først og framst skal framstå som ein turveg og ikkje bilveg.

FNF Møre og Romsdal arbeider for at friluftslivet skal vere gratis slik at alle slepp til. Om nokon tenkje seg å ta betalt for turparkering må dette stå i forhold til utgiftene jfr friluftslova utdjupa seinast av Miljødirektoratet i brev av 10 juni 2022 til Sunndal kommune. I Nerdalen er det sikra ein offentleg parkeringsplass med toalett (gnr104 bnr26) som var gratis fram til 2023. Så gjorde Sunndal kommune eit vedtak i mai 2023 om å innføre ei parkeringsavgift på dette arealet samt dei privateigde parkeringsplassane i Nerdalen. No er avgiftsnivået påklaga av ein av dei som søkte om å få innføre denne avgifta med begrunning at avgifta er satt for høgt i høve til utgiftene. FNF Møre og Romsdal skulle helst sett at parkeringa var gratis slik at ikkje dei med lav betalingsevne blir ekskludert frå friluftslivet, men er samstundes tilfreds med at kommunane styrer dette etter gjeldande lovverket og sett avgifta rett i høve til utgiftene. Elles vil vi gjere merksam på at innføring av turparkeringsavgift ikkje berre krev løyve etter friluftslova – det krev også løyve etter parkeringsforskrifta styrt av vegvesenet sitt parkeringstilsyn (sjå <https://www.vegvesen.no/fag/trafikk/parkering/parkeringstilsynet>).

Helsing

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Ingbjørn Bredeli

Fylkeskoordinator
FNF Møre og Romsdal



Vedlegg: Skisse til trase for ny turveg i Nerdalen



Kart – forslag til trase markert med blå line (også omtala som brun trase)